



Steinar ved Brooklyn Bridge etter maratonløpet

Maratonløpa i New York, London og Berlin reknast som dei 3 store og ein sprekk uskedeling er no iferd med å avvikla alle. Steinar Kroka gjennomførde New York Maraton i 2013, sist helg kom turen til London Maraton og siste helga i september avviklast Berlin Maraton. Steinar er snart 68 men satsar med friskt mot etter eit langt liv som aktiv idrettsutøvar. Han gjer ikkje noko nummer av at han hadde problem på

dei siste 17 kilometrane i London, då han måtte gå på grunn av trøbbel med kneet. No er han like god att og har ikkje noko forklaring på det som skjedde.



[Steinar på heimebane i Opsangerløpet](#)

Naturleg nok har dei to massemonstringane han har vore med i så langt vore topp-punkt i livet til den tidlegare kraftverk-mannen som hadde 34 år bak i faget då han vart pensjonist for 4 år sidan. Det var 46 000 deltakarar i London og 53 000 i New York! I yngre år var Steinar, som kjem frå Mauranger, mest engasjert i fotball og skisport, det var fyrst då han hadde passert 40 at han for alvor vart løpar og fekk særleg entusiasme som utøvar av lange lap.



Idrettsmerket er sikra for 40. gong.Saman med Steinar er Sidsel Stigum, Astrid Haugland, Jostein Saghaug, Aslaug Lyse og Kristi Bråtun Her heime har han vore med på ein maraton i Tromsø og 7 i Oslo. Det var i hovudstaden han gjorde det best reint tidsmessig då han avvikla den vel 4 mil lange distansen på 3 timar og 34 minuttar. Han hadde også ein idrottspause

Steinar er den typiske slitar innan idrotten. Det kjem ikkje minst til uttrykk i statistikken over idrettsmerketakarar. Han hugsar ikkje sjølv kor mange gonger han har teke idrettsmerket, men 40-talet er i alle fall passert!
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat